



Prosten i Sunnhordland leia møte, her saman med biskop Halvor Nordhaug.

Biskopen inviterte til middag og samtale med Indremisjonslaga i kommunen. Det vart gjort i Uskedalen, bygda der Samskipnaden vart skipa i ei løe på Døsland i 1864. Det var godt frammøte med tre representantar frå kvar av dei sju bedehusa. Det var ikkje frammøte frå Uskedal bedehus. Uskedalen.no kjenner ikkje til grunngevinga for at Uskedal Indremisjon valde å ikkje møta biskopen.

Biskopen ville møta indremisjonslaga i kommunen. Bakgrunnen er det gode og viktige samarbeidet kyrkja har med bedehusa. I helsinga si kom han også inn på usemje og spenningar mellom kyrkja og indremisjonslaga. Det går særleg på bibelsynet og i saker som gjeld homofili og vigselferiet. I drøftinga etter middagen kom dette klart fram der nokre etterkvart ikkje definerer kyrkja som sin åndelege heim.

På middagen i Gamleskolen var det frammøte frå dei tilsette på kyrkjekontoret og frå bispekontoret. Uskedal sokneråd var teknisk tilskipar med tillaging og servering. Maten var levert frå Elins Matgleder. Prosten i Sunnhordland leia møte og la opp til at det vart sagt litt frå aktiviteten på kvart av bedehusa.

Desse indremisjonslaga var representert: Høylandsbygd, Husnes, Omvikdalen, Rosendal, Sunde, Holmedal og Valen. Valen har ikkje bedehus, men brukar kyrkja. Dei kallar difor organisasjonen for Valen bedehuslag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det var fram møte frå sju indremisjonslag og bedehus på middagen i Gamleskolen.